

# SKEI treffben

— 2023 —



**27.-29. OKTOBER 2023**

**EI HELG FYLT MED TREKKSPEL, DANS OG MUSIKK!**

# ÅRETS ARTISTAR:



## Ein Heile Halve Maone

Runddansgruppa Ein Haile Halve Maone består av fem tradisjonsmusikarar hovudsakleg frå Sogn. Musikken er i all hovudsak tradisjonelle danseslåttar etter Sjur Hesjevoll med utgangspunkt i tradisjonsmusikk frå Jostedalalen. Ein Haile Halve Maone vart starta i 2016 og har dei siste 7 åra spelt til dans på vestlandet og ved ulike festivalar. Ein Haile Halve Maone har komme på 3. plass på Landsfestivalen i gammaldansmusikk tre gonger, i 2016, 2022 og 2023. Desse åra vart gruppa beste vestlandsgruppe!



## Håvard Svendsrud & Øivind Farnen

Håvard Svendsrud og Øivind Farnen har begge besøkt Skeitreffen flittig frå første halvdel av 1990-tallet. Dei er klassisk utdanna ved Barratt Due Musikk institutt, men har i tillegg til den klassiske musikken kvar på sin kant vore svært aktive innan tradisjonell trekkspelmusikk og andre stilartar. I år kjem dei tilbake som duo, og vi skal få nyte deira breidde av musikalsk repertoar.



## Odd Arne Halaas

Odd Arne Halaas er artigkaren som blandar gode historier med trekkspelmusikk og song. Det er som å trykke på ein knapp, så rausar det ut melodier og tekster du sjelden høyrer i dag, alt frå "Ønskekonserten" på 50-tallet til svingande trekkspelperler. Han har eit enormt repertoar av melodiar vi minnast, og humoristen rommar ein usannsynleg flora av sann og usann storlyging.



## Marius Westling & Thomas Nilssen

Duoen Westling/Nilssen består av Thomas Nilssen frå Løten på trekkspel og Marius Westling frå Hamar på fele. Dei tevla for første gong som duo på Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2023 kor dei kom på 2. plass! Dei er begge medlem i storgardsensemblen Hollos Efterfølgere. Begge to har spelt heile livet og gjort seg bemerkta på kappleikar og festivalar.

# PROGRAM:



FREDAG

27  
OKTOBER

## Opptakt med Håvard Svendsrud & Øivind Farnen

20:00

Håvard og Øivind startar helga med ein liten trekkspelkonsert med fokus på Pietro Frosini.

## Dans

Variert dansemusikk frå ulike grupper frå heile landet.

21:00

LAURDAG

28  
OKTOBER

## Konsert

17:00

Sjølve høgdepunktet under Skeitreffen. Her blir det eit svært variert program og noko for ein kvar smak. Vi avsluttar som vanleg med Minner frå Jølster.

## Dans

Variert dansemusikk frå ulike grupper frå heile landet.

21:00

SØNDAG

29  
OKTOBER

## Avslutning

12:00

Takk og farvel for denne gong.

# '74

## FØRSTE TREFF

# EIT HISTORISK TREFF

Førde trekkspelklubb arrangerte i samarbeid med Skei Hotel den første Skeitreffen i 1974. Dette samarbeidet heldt fram til 1981. Klubben melde då frå at dei ikkje makta å vere med lenger, og det vart såleis ikkje noko Skeitreff i 1982.

I 1983 overtok Skei Hotel Skeitreffen åleine, med Henry Haagenrud som musikalsk leiar. Sidan var det Frode Haltli som var musikalsk ansvarleg.

Jon Skrede skapte eit miljø og ein tradisjon. Dette er ikkje lett å gje slepp på. I januar 2017 tok difor Osterøy trekkspelklubb, med Jarle Hanstveit og Jørgen Varden i spissen, initiativ til Skeitreffen 2017. I dag er det Emil Horstad og Elias Eide som står i spissen for arrangementet på Skei.

## BOOKING:

Direkte på tlf. 57 72 78 23 eller e-post: [jolster.booking@olavthon.no](mailto:jolster.booking@olavthon.no).

Bookingkontoret er stengt i helgane, så då må ein ringe sentralbordet 57 72 78 00. Opplys om at du skal på trekkspeltreff, slik at du får rett pris.

## KONTAKT OSS:

Elias Eide

482 01 141


[elias.eide@hotmail.com](mailto:elias.eide@hotmail.com)

Emil Horstad

917 89 037

[emil\\_horstad@hotmail.com](mailto:emil_horstad@hotmail.com)

**Følg Skeitreffen på Facebook:**

 @Skeitreffen



– 2023 –